

STØDLETERRASSEN I ETNE KOMMUNE – REVIDERT FORSLAG TIL  
VEDTAK OM FREDING MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNE § 19 JF.  
§ 22


Hordaland fylkeskommune legg fram følgjande forslag til fredingsvedtak for delar av Stødleterrassen:

**VEDTAK:**

*Med heimel i lov om kulturminne (kml) av 9. juni 1978 nr. 50 § 19 jf. § 22, fredar Riksantikvaren delar av Stødleterrassen, gnr. 35, bnr. 2, 4, 6, 12, 15, 16, 23, 25, 26, 33, 38, 39, 40, 45 og 46, og gnr. 36, bnr. 2, 3, 4, 5, 7, 8, 10, 11, 12, 14, 15, 25, 26, 27, 28 og 31 i Etne kommune.*

**Omfangen av fredinga**

*Fredinga etter § 19 omfattar området avmerkt på kartet nedanfor (Askeladden-ID 150278).*



## **Formålet med fredinga**

*Formålet med områdefredinga er å bevare verknaden av dei automatisk freda kulturminna i miljøet, ved å oppretthalda samanhengen mellom dei og landskapet dei ligg i og ta vare på Stødleterrassen som naturformasjon og kulturlandskap. Vidare skal fredinga sikra dei vitskaplege interessene som knyt seg til dei automatisk freda kulturminna og ivareta kjeldeverdien som ligg skjult i marka.*

## **Fredingsføresegner**

*Fredingsføreseggnene er utforma i samsvar med formålet med fredinga og gjeld i tillegg til føreseggnene i kulturminnelova om områdefreding og om automatisk freda kulturminne.*

- 1. Innafor det fereda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller bruksendringar som kan endre karakteren til området eller på annan måte motverke formålet med fredinga. Dette gjeld alle former for planering, utfylling og andre landskapsinngrep, bygging, nyanlegg og utviding av veg eller parkeringsplass,. Opplistinga er ikkje uttømmande.*
- 2. Følgjande tiltak kan likevel tillatast etter dispensasjon frå kulturminnelova, dersom kulturminnestyresmakta finn at dei ikkje stirr mot formålet med fredinga:*
  - nybygg der det ikkje står hus frå før*
  - riving av eksisterande bygningar og nybygging på same stad*
  - på- og tilbygg til eksisterande bygningar*
  - planting av ny skog*
  - utviding av kyrkjegarden og parkeringsplassen ved kyrkja*
- 3. Drift og skjøtsel av landskapet i samsvar med forvaltingsplan kan utførast utan dispensasjon frå kulturminnelova.*
- 4. Det skal utarbeidast ein forvaltingsplan for området. Planen skal godkjennast av kulturminnestyresmaktene. Forvaltingsplanen skal innehalde retningsliner for drift, skjøtsel og tillatne tiltak. Planen bør rullerast.*
- 5. Oppsetting og lagring av reiskap eller utstyr knytt til landbruk og dyrehald må ikkje skje slik at det skjemmer automatisk fereda kulturminne.*
- 6. Modernisering og oppgradering av vasskjelder, vatn og avløp, kraft- og telefonlinjer og andre tekniske anlegg i grunnen skal meldast kulturminnestyresmaktene i god tid før tiltaket er planlagt gjennomført. Dersom akutte reparasjonar vert naudsynt, skal kulturminnestyresmaktene ha melding om tiltaket så snart som råd.*

## Følgjer av fredinga

Når det gjeld handsaminga av området som vert freda ved dette vedtaket, viser vi til kulturminnelova §§ 19 og 21, samt fredingsføresegne over.

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg skjøtsel og vedlikehald, jf. kulturminnelova § 19 tredje ledd. Dette gjeld ikkje dei tiltaka som i føresegne ovanfor er tillatne utan dispensasjon. Søknad om løyve skal sendast fylkeskommunen, som avgjer om tiltaket kan iverksetjast, evt. på visse vilkår. Oppstår det tvil om kva som krev slik søknad, skal fylkeskommunen sameleis kontaktast.

Fredinga skal ikkje føre til vesentlege endringar i driftsform og virke. Stødleterrassen er først og fremst eit landbrukslandskap – og det er det landskapsbiletet som ein ønskjer å ta vare på. Vidare drift er i tråd med, og ønskjeleg, i høve til formålet med fredinga.

For dei automatisk freda kulturminna innanfor fredingsområdet gjeld føresegne i kapittel II i kulturminnelova.

## Kort karakteristikk av kulturminnet

Stødleterrassen er ein naturformasjon i Etne, eit markert platå av morenemassar og sorterte massar som hevar seg opp frå dalbotnen langs Etneelva. Landskapsformene er resultat av geologiske tilhøve og ein jordbrukstradisjon som går langt tilbake i tid. Drift av sand- og grustak har i nyare tid redusert arealet på terrassen, særleg i vest og søraust. På Stødleterrassen ligg ei uvanleg stor mengd forhistoriske kulturminne. Det er i dag kjent over 50 automatisk freda kulturminne her. Tidlegare har talet vore over det dobbelte, men mange kulturminne har gått tapt. Potensialet for vidare funn er svært høgt, og det er påvist fleire funn og anlegg under markoverflata. Dei eldste funna på terrassen er frå slutten av steinalderen. Dei automatisk freda kulturminna (eldre enn 1537) omfattar m.a. fleire gravfelt, gravhaugar, bergkunst og dyrkingsspor, Stødle kyrkje og den eldste delen av kyrkjegarden.

Samanhengen mellom landskapet og kulturminna gjer terrassen til eit spesielt område. Området som vert føreslått freda etter kulturminnelova § 19 omfattar sentrale deler av Stødleterrassen. Arealet utgjer vel 521 dekar. Forslaget til fredingsareal dekkjer i hovudsak areal kring dei attverande kulturminnekonsentrasjonane, i tillegg dei delane av terrassen som det tidlegare er gjort funn på, eller som har størst potensiale for funn i tilknyting til kjende fornminne. Det meste av fredingsområdet er i dag relativt flatt jordbruksland. Lendet var meir markert tidlegare med åsryggar og dalsøkk. Her ligg eit 20-tals bygningar, fordelt på fem gardstun. Husa på gbnr. 35/4 og 35/12 er ein rest av det gamle klyngjetunet på Stødle, elles er alle tuna etablerte etter utskiftinga tidleg på 1900-talet. Stødle kyrkje frå mellomalderen, som kan vera reist av Erling Skakke kring 1160, ligg nær kanten av terrassen mot vest.

For nærmere skildring av fredingsområdet viser vi til den vedlagte dokumentasjonen.

## **Vurdering av kulturminnet. Grunngjeving for fredingsvedtaket**

Stødleterrassen er eit særige kulturlandskap, med spor etter busetnad og aktivitet frå fleire tidsepokar gjennom mange tusen år. Terrasselandskapet utgjer ein særprega og unik naturformasjon og er samstundes eit aktivt landbrukslandskap. Her ligg det ei rekke automatisk frede kulturminne. Dei viser stor tidsdjupne og strekk seg frå steinalderen fram til mellomalderen, og saman med dagens bygningar og jordbrukslandskap viser dei kontinuiteten i bruken av området.

Samanhengen mellom dei automatisk freda kulturminna, og mellom dei og landskapet dei ligg i, er vesentleg både for opplevinga og forståinga av kulturminna. Mellomalderkyrkja og bergkunstfeltet på Helgaberg ligg 4000 år frå kvarandre i tid, men mest på same stad og viser ein samanheng som strekar under kor sentral Stødleterrassen har vore for folk gjennom fleire årtusen. Kulturminna peikar mot at dette i jernalderen og tidleg mellomalder har vore eit maktsentrums i Sunnhordland.

Omveltingane i det moderne samfunnet har ført til eit press på kulturarven på Stødleterrassen. Massane som terrassen er bygd opp av, er i vår tid ein råstoffressurs som kan utnyttast industrielt. Dette skapar eit press på sjølve terrassen som landskapsformasjon. Bruken av området til landbruk har det siste hundreåret ført til omfattande endringar av landskapet og bygningsmønsteret. Det forhistoriske kulturlandskapet på terrassen er sårbart for ytterlegare forandringar av terrenget, vegetasjon og bygningar. Slike tiltak kan verka uheldig inn på opplevinga av kulturminna og forringa eller skipla samanhengen mellom dei. Stødleterrassen har eit stort potensiale for nye funn av automatisk frede kulturminne. Endringar i drift og busetnad kan òg vera ein trussel mot desse, gjennom t.d. djupare pløyning.

For å sikra eit langsiktig og heilskapleg vern av dei attverande og verdfulle samanhengane som kulturminna viser, har Hordaland fylkeskommune difor vurdert det som naudsynt med ei områdefreding av større delar av Stødleterrassen. Riksantikvaren har uttrykt at eit så viktig kulturmiljø som Stødleterrassen bør sikrast gjennom kulturminnelova. Også det dåverande Miljøverndepartementet har lagt til grunn at «det samla kulturmiljøet på terrassen er av nasjonal interesse/verdi».

I fredingssaka har det vore eit sentralt punkt å sameine omsyna til kulturminna med interessene til eigalar og brukarar på Stødleterrassen. Målet med føresegne i fredinga er å bidra til ei enkel og rask sakshandsaming. Det vil vera viktig at både grunneigar og ulike forvaltningsnivå er innforstått med dei rettar og plikter som gjeld. Fredinga vil ikkje endra brukarane sin bu- og driftssituasjon vesentleg. Vidare landbruksdrift på Stødleterrassen er viktig for formålet med fredinga og det overordna landskapsbiletet som ein ønskjer å verne om.

### Omfanget av fredinga

Storleiken på fredingsarealet har stått sentralt i fredingsprosessene. Grunneigarar og kommunen har ønskja eit mindre omfang enn det fylkeskommunen først gjekk inn for. Fylkeskommunen har difor vurdert nøyne kva for areal på terrassen som det er fagleg tilrådeleg å forvalta etter anna lovverk enn kulturminnelova. Lokal

kunnskap hjå grunneigarar og i kommunen om kulturminna, og ansvarleggjering lokalt gjennom planprosessar, gjer at større område kan verta liggjande utanfor områdefredinga. På denne bakgrunnen er fredingsområdet justert ned til vel 521 dekar, som dekker dei viktigaste areala med kjende kulturminne, områda mellom dei, og areal med stort potensial for nye automatisk freda kulturminne. Fornminna er lokalisiert på øvre del av terrasseflaten. Terrassekanten utgjer ei naturleg avgrensing av området, elles er eksisterande veg- og eigedomsgrenser lagt til grunn.

Areal utan kjente funn eller bevarte kulturminne, nord på Stødleterrassen og ved tuna på Sørheim og Austrheim, vert ikkje omfatta av områdefredinga. Austrheim er eit viktig område, men det er alt gjort svært store tiltak i landskapet. Dei fornminna som var registrert her er enten borte eller frigjeve. Her er framleis eit potensiale for funn, men ikkje tilstrekkeleg til å ta med Austrheim i fredinga. Ved tuna på nedre del av Sørheim ligg dei kulturminna som er att oppe på øvre terrasse, og grensa er difor trekt ved terrassekanten. Grensa i sør aust inn mot sand- og grusuttaka er i satt i høve til eksisterande reguleringsplanar, men trekt inn noko i høve planane ettersom det er åsryggen mot gardstuna som også i forhistorisk tid har vore viktig. Historisk sett er nordre del av Stødleterrassen viktig. Her er gjort funn, men det er i dag ikkje synlege spor. Også dette området er difor tatt ut av fredingsområdet.

### Tilhøvet til naturmangfaldlova

Prinsippa i Lov om naturmangfold av 19. juni 2009 nr. 100 (naturmangfaldlova) §§ 8-12 skal leggjast til grunn ved utøvinga av offentleg mynde, der naturmangfaldet vert råka. Hordaland fylkeskommune har gjort søk i Artsdatabankens Artskart og Naturbasen til Direktoratet for Naturforvaltning for å skaffa fram naudsynt kunnskap for avgjerdsgrunnlaget.

Innafor fredingsområdet er det ikkje registrert sårbare eller trua arter. Det er heller ikkje registrert andre særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde. Hovudintensjonen i fredinga er å ta vare på landskapet slik det ligg i dag. Ein finn difor at fredinga ikkje vil påverke naturmangfaldet i negativ retning.

### Myndet til Riksantikvaren

Det følgjer av kulturminnelova § 19 jf. § 22 at departementet kan frede eit område rundt eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å bevare verknaden av kulturminnet i miljøet eller for å beskytte vitskaplege interesser som knyter seg til det. Mynde til å gjere vedtak om freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. forskrift av 9. februar 1979 § 12 nr.1 om fagleg ansvarsfordeling mv etter kulturminnelova.

### Lokalisering og eigedomstilhøve. Reguleringsmessig status

Fredingsområdet omfattar sentrale delar av Stødleterrassen og utgjer vel 521 dekar. Eigedomane som heilt eller delvis ligg innanfor fredingsområdet har følgjande eigarar (status per 4. mai 2015):

Gard	GNR	Gnr/bnr	Eigar jf. GAB mai 2015	Adresse
Stødle	35	35/2	GUNDEGJERDE OLE RAGNAR	Stødle, 5590 Etne

Stødle	35	35/15	SVENDSEN ARNE BJØRN, SVENDSEN INGVILD	Stødle, 5590 Etne
Stødle	35	35/10	OPPEDAL OLAV	Stødle, 5590 Etne
Stødle	35	35/4	SELLAND INGE	Stødle, 5590 Etne
Sørheim	36	36/15	HOLGERSEN SJUR INGVAR	Nedre Hølland 23, 4200 Sauda
Stødle	35	35/6	STØDLE SIGURD, STØDLE REIDUN	Stødle, 5590 Etne
Stødle	35	35/26	ETNE KOMMUNE	Postboks 54, 5591 ETNE
Stødle	35	35/25,38	ETNE KOMMUNE	Postboks 54, 5591 ETNE
Stødle	35	35/23	ETNE KOMMUNE	Postboks 54, 5591 ETNE
Stødle	35	35/16,46	ETNE KOMMUNE	Postboks 54, 5591 ETNE
Stødle	35	35/12	STORHAUG TRON. STORHAUG MARIT	Toreskogvegen 93, 4352 Klepp
Stødle	35	35/45	STATENS VEGVESEN REGION VEST, HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Askedalen 4, 6863 Leikanger Pb 7900, 5020 Bergen
Stødle	35	35/40	ETNE KOMMUNE	Postboks 54, 5591 ETNE
Stødle	35	35/33,39	ETNE KOMMUNE	Postboks 54, 5591 ETNE
Sørheim	36	36/5	SØRHEIM ARVE	Stødle, 5590 Etne
Sørheim	36	36/4	AUNE ANDREAS	Stødle, 5590 Etne
Sørheim	36	36/3	HEGGLUND KÅRE	5590 ETNE
Sørheim	36	36/2	SØRHEIM BJØRNAR	Stødle, 5590 Etne
Sørheim	36	36/31	STATENS VEGVESEN REGION VEST, HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Askedalen 4, 6863 Leikanger Pb 7900, 5020 Bergen
Sørheim	36	36/25	GRINDHEIM ANSGAR	5590 Etne
Sørheim	36	36/14,12	SØRHEIM VIDAR	Sørheim, 5590 Etne
Sørheim	36	36/11, 27, 28	HAALAND WILLIAM (DØD) HAALAND (LARS)	5590 ETNE
Sørheim	36	36/8	Strøm Jan Arne Ruth Walde	Sørheim, 5590 Etne
Sørheim	36	36/7,26	GUNDEGJERDE OLE RAGNAR	Stødle, 5590 Etne
Sørheim	36	36/10	HUNDSEID ANITA SØRHEIM	Sørheim, 5590 Etne

Fredingsområdet er uregulert. I gjeldande kommuneplan (2003-13) er størstedelen av fredingsområdet LNF-område med forbod mot frådeling og bygging (driftsbygg i landbruket tillete). Kyrkja og kyrkjegården er markert som offentleg bygg. I sør grensar fredingsområdet opp mot område for uttak av stein/lausmassar, avmerka i kommuneplanen og regulert i reguleringsplan for massetak på Sørheim, stadfesta av Miljøverndepartementet 9. oktober 2001.

### **Bakgrunn for fredinga**

Det samanhengande kulturlandskapet på Stødleterrassen har gjennom 1900-talet vore truga, som følgje av industrielt masseuttag, meir intensiv landbruksaktivitet og andre tiltak. Dei antikvariske styrsmaktene har difor i lang tid vore opptekne av korleis området kunne sikrast, gjennom plan- og bygningslova eller kulturminnelova.

29. september 2000 gjorde Hordaland fylkeskommune vedtak om mellombels freding av området nord og sør for Stødle kyrkje. Vedtaket hang saman med at det var sett i gang bygging på gnr. 35/10, trass i at det låg føre sterke verneinteresser. Fylkeskommunen hadde på førehand peika på omsynet til dei ålmenne interessene knytt til Stødleterrassen som historisk stad, til nærmeste gravhaug, til potensialet for fornminne under markoverflata, og til verknaden av mellomalderkyrkja i landskapet. Eit nytt vedtak der grensa for det mellombels freda området vart justert, vart gjort 30. oktober same år. Dette omfatta delar av gnr. 35, bnr. 1, 2, 10, 15, 18, 23, 26, 33, 39, 40 og 48.

Spørsmålet om korleis eit meir omfattande vern av Stødleterrassen kunne sikrast, vart også aktualisert av at det på same tid vart arbeidd med ein reguleringsplan for utvida sand- og masseuttag på Sørheim, lenger sør på Stødleterrassen. Ved handsaminga av reguleringsplanen bad fylkesutvalet i Hordaland 7. desember 2000 om at det vart sett i gang arbeid for å sikra eit område på Stødleterrassen etter kulturminnelova. Etter at Riksantikvaren reiste motsegn, vart planen godkjend av Miljøverndepartementet, og difor vart kulturminneverdiane på Stødleterrassen vurdert også av begge desse etatane.

Av ulike grunnar tok det tid før arbeidet med fredinga kom i gang. Saka vart drøfta mellom Etne kommune, fylkeskommunen og Riksantikvaren, og det var semje om å gå vidare med ei fredingssak. Riksantikvaren skreiv i brev av 19. juli 2004 at «fredning etter kml § 19 er det mest hensiktsmessige i denne saken. Riksantikvaren mener at et såvidt viktig kulturmiljø som Stødleterrassen bør fredes gjennom kulturminneloven.»

### **Utgreiing om saksgang og innkomne merknader**

Melding om oppstart av fredingssak for Stødleterrassen vart, i samsvar med kulturminnelova § 22 nr.1 send eigarane og kommunen i brev av 3. februar 2005. Samstundes vart dette kunngjort i avisene Grannar og Haugesunds Avis.

### **Merknader til oppstartsvarselet**

Det kom inn i alt 12 merknader til varsel om oppstart av freding. Felles for dei fleste er at det vert uttrykt ei uro for framtidig bruk av området og ein skepsis til nytteverdien av ei freding. Ut i frå ein jordbruksfagleg ståstad er det uvisse til utviklinga av landbruket som leveveg frametter. Dette gjeld både for dyrka

landbruksareal, men særleg utvikling av eksisterande tun. Det er vidare kome innspel om at bustadomter og tun som ikkje har særleg verdi som verneobjekt, bør trekkjast ut av fredinga. Kyrkjå sitt behov for utvida areal vart også meld inn.

Merknad 1: Sørheim 36/10, brev datert 28.02.05

Johannes Hundseid og Anita Sørheim viser til at storparten av innmarka til 36/10 og 36/5, vert liggande inne i fredingsområdet. Dei reiser spørsmål om konsekvensane for jordbruksdrift i ei freding.

Merknad 2: 36/8 – 16 – 19, brev datert 19.03.05

I ei felles brev ber Bernhard Haaland, Sølvi Berge Grindheim og Henry Stødle om at bustadtomtene vert haldne utanfor fredingsområdet, viser til markinngrep på 36/19 og vidare til at bustadtomter i grensa på Stødle er vurdert tatt ut.

Merknad 3: 35/15, brev datert 04.04.05

Arne Bjørn Svendsen ber om at grensene for fredinga vert justert. Forslag til freding bandlegg ei mindre tomt (35/30). Denne bør takast ut av di tomta ligg tett opp til eksisterande bustadeigedom. Svendsen legg fram forslag til ny grense for verneareal, der grunneigar ynskjer ei meir rett linje for fredingsarealet mellom bnr 27 og bnr 31. Dette sikrar ei tomt for bustad/kårhus.

Merknad 4: 35/10, brev datert 05.04.05

Advokat Morten Harsvik gjev på vegne av grunneigar Olav Oppedal tilsvarende grunneigar er negativ til freding. I brevet vert det vist til at dei fleste av argumenta for freding er borte. Viser til at gjennom fredinga har eigedomen fått eit verditap som det offentlege kan verta kravd erstatning for.

Merknad 5: 35/4, brev motteke 07.04.05

Else Kambo Selland og Inge Selland er negativ til omfanget av fredinga, og stiller spørsmål om konsekvens av freding for framtidig landbruksdrift. Dei melder at gamlestova på 35/4 er i dårlig forfatning og har liten verneverdi.

Merknad 6: 36/12-14, brev datert 05.04.05

Sigve Sørheim ser at ei freding kan få negative følgjer for utvikling av garden, tunet og for generasjonsskifte på garden. Sørheim meiner det må finnast andre direkte verkemiddel for å eventuelt hindra større omfang av sanduttak.

Merknad 7: 35/ kyrkjå, brev datert 07.04.05

Harald Sirnes, på vegne av Den norske kyrkja – Kyrkjekontoret, melder inn kyrkjå sine behov. Det er ynskje om utviding av gravplassen og parkeringsplassen, samt ein tiltaksplan og vedlikehaldsplan for Stødle kyrkje. Dei ynskjer eit nært samarbeid med Etne kommune.

Merknad 8: 36/7, brev datert 05.04.05

Ingvor og Ole Ragnar Gundegjerde set fram ynskje om ei innskrenking av det føreslårte fredingsarealet, slik at det er i samsvar med tidlegare forslag om avgrensing.

Merknad 9: 37/1-10, brev datert 07.04.05

Lorentz Østrem ynskjer at hans bruk blir tatt ut av fredinga då det ligg like i kanten av fredingsområdet, og det er ingen kulturminne registrert her. Det vert vist til at kulturlandskapet kan og takast vare på med andre verkemiddel enn områdefreding, og etterlyser kva verknader fredinga vil kunne ha på framtidig drift på gardane.

Merknad 10: 36/4, brev datert 07.04.05

Henry Haaland ber om at grensa for freding vert flytta til foten av Hetlebrekk. Haaland ser at fredinga vil ha negative konsekvensar i høve gardsdrifta og peikar på at fleire av meirkostnadene som kulturminnevern vil gje vert lagt på private, trass i at det er nasjonale kulturminne dette gjeld.

Merknad - 11: Etne kommune, brev datert 10.05.05

Etne kommune har handsama forslag til vern i kommunestyret den 03.05.2005. Kommunen ynskjer ei differensiering av vernet, gjer greie for gjeldane praksis for søknad om tiltak. Hevdar at vern vil auke både byråkratiet og følgjeleg frustrasjonsnivået. Ynskjer å kombinera kulturminnelova og Plan og bygningslova gjennom ein reguleringsplan. Ber om at Hordaland fylkeskommune tar planansvaret for planen. Vedtak om utferding av reguleringsplan jf. vedtak K-011/05.

Merknad - 12: 36/2 Sørheim, brev datert 07.04.05

Ståle Sørheim ser at kulturminnevernet er for seint inne med tanke på tap av kulturminne, då skaden allereie er skjedd. Mange av dei kulturminna, som er att er i dårleg stand. Ei fredinga kan få negative konsekvensar for drift og utvikling av garden, og at fredinga vil føre til meir byråkrati. Det er og eit spørsmål om fredinga vil kunne stoppe vidare masseuttak på terrassen.

#### Kommentarar til merknader til oppstartsmeldinga

Hordaland fylkeskommune viser til dei nemnte merknadene og meiner det er reist fleire viktige spørsmål og problemstillingar til verneforslaget.

Etne kommune ynskjer ein reguleringsplan for Stødleterrassen. Hordaland fylkeskommune ser at ei samkjøring mellom Plan og bygningslova og Kulturminnelova, t.d. ved regulering til omsynssone, vil kunne gi eit godt vern. Det er likevel det overordna landskapsbiletet som er kulturminnevernet sitt hovudfokus for Stødleterrassen, noko som ei områdefreding lettare vil kunne ivareta enn ein reguleringsplan som går meir på detaljnivå. Ei områdefreding kan vere eit betre styringsverktøy for både kommune og kulturminnevernet. Dei ulike lovverka og saksprosedyrane gjeld uansett for Stødleterrassen, men sikrar ikkje på same vis ein heilskapleg vurdering.

Fleire merknader handlar kva følger ei freding vil ha for drift og vidareutvikling av gardstun og eigedomar. Hordaland fylkeskommune meiner vidare landbruksdrift og bruk av Stødleterrassen er svært viktig for kulturminnevernet. Det sikrar at landbrukslandskapet vert skjøtta og halde i hevd, noko som er i tråd med formålet for fredinga. Det skal vere rom for vidareutvikling med tanke for eit moderne landbruk på Stødleterrassen. Det er slik i kulturminnevernet si interesse at ein ikkje slår bein under driftsgrunnlaget for gardane.

Det er likevel klart at ei freding vil gjera grensene tydlegare for typar av drift som er eigna til å gjere skade eller gi negative konsekvensar for kvart einskild kulturminne spesielt og landskapsbiletet generelt. Mykje av dette kjem fram gjennom forslag til føresegner for fredingsområdet. Vektinga mellom utvikling og vern må drøftast vidare i ein forvaltningsplan som konkretiserer saksgang og prosedyrar. Fylkeskommunen minner om at dei kjende automatisk freda kulturminna alt er freda. Områdefredinga vil gje eit klarare bilete på kva konsekvensar kulturminna og kulturlandskapet vil ha for bruken av områda.

Med omsyn til bygningsmassen både på gardstun og bustadeigedomar, fører freding etter § 19 ikkje til eit vern av desse bygningane i seg sjølv. Føremålet med områdefredinga er ei ivaretaking av landskapet kring automatisk freda kulturminne og kulturlandskapet.

Etne kyrkje varslar trong for større plass. Fylkeskommunen ser det som viktig at Stødle kyrkje fortset å vera i aktiv bruk, men det er stort potensial for konflikt ved ei utviding av bruksareala rundt. Omfanget og plassering av naudsynte tiltak må vektast opp mot kulturminneverdiiane gjennom dispensasjon. Sjølve kyrkja er automatisk freda, og § 19-fredinga endrar ikkje på dette.

Fleire av innspela fremjar ynskje om endringar av forslag til grense. Bruk 35/15 på Stødle ynskjer eit areal ut av fredingsområdet for å få bygd nytt bustadhús. Dette arealet ligg i eit område rett nedanfor kyrkja og eit større gravfelt. Her har varsel om freding vore viktig og styrande i ein prosess, der ein i etterkant av oppstartsvarselet har funne løysingar som partane har kunne akseptera.

Grunneigar på 36/4 ynskjer å setja grensene for fredingsområdet i foten av bakken på Hetlebrekk. Gravfelta på Hetlebrekk er ei av regionen sine største samlingar av gravminne. Teigen er viktig for heilskapen og landskapet dei automatisk freda kulturminna ligg i, og må difor vera omfatta av fredinga.

Samanfatta viser merknadene ein generell skepsis til områdefredinga og omfanget, og reduksjon og bortfall av fredinga er signal som er gitt. Forslag til områdefreding er seinare vesentleg redusert i høve til oppstartsvarselet, og har slik sett søkt å koma merknadene i møte så langt som det er fagleg tilrådeleg ut frå omsynet til å oppretthalda verknaden i landskapet. Drift av eksisterande landbruk kan fortsetja så lenge det ikkje vil få negative verknader på føremålet med fredinga.

#### Vidare saksgang

Det vart halde fleire opne møte og personlege dialogmøte med grunneigarar i saka, og i april 2006 vart ei vidt samansett referansegruppe etablert. Fylkeskommunen utforma deretter eit fredingsforslag. Det vart i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka 13. september 2010 og samstundes lagt ut til offentleg ettersyn. Det kom inn 21 høyringsfråsegner. Desse vert ikkje referert eller kommentert her, sidan det føreliggande, reviderte fredingsforslaget formelt sett erstattar det som var på høyring i 2010. Dei tok mellom anna opp omfang og innhald i fredingsforslaget, og dei økonomiske konsekvensane av ei områdefreding.

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 3 vart fredingsforslaget og innkomne merknader oversendt kommunen i brev av 8. juli 2011. Kommunestyret handsama saka i møte 7. februar 2012. Fredingsforslaget vart deretter omarbeidd av fylkeskommunen, og sendt Riksantikvaren 5. februar 2013. Den viktigaste endringen var at fredingsarealet vart omfattande redusert.

Riksantikvaren vurderte at endringane var så omfattande at forslaget måtte på ny høyring, og saka vart difor sendt i retur til fylkeskommunen 29. april 2013. Av den grunn er det reviderte fredingsforslaget som her ligg føre, utarbeidd. Det svarar til det forslaget som vart sendt Riksantikvaren i 2013 kva gjeld omfanget av fredinga, men det er redigert om, føresegnene er justert, og ein del utfyllande opplysningar er lagt til. Dette omarbeida fredingsforslaget er i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 2 sendt på høyring til partane i saka i mai 2015. Samstundes vart det kunngjort i avisene Grannar, Haugesunds Avis og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget er lagt ut til offentleg ettersyn i Etne kommune og på fylkeskommunenes nettsider [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

Det vert gitt ein frist på tre månader frå kunngjeringsdagen til å uttala seg.

#### **Riksantikvaren sine merknader til høyringsfråsegnene**

[Her skal høyringsfråsegnene kommenterast og vurderast og eventuelt imøtegåast eller imøtekomast. Dersom det på bakgrunn av høyringsfråsegnene blir gjort endringar i omfanget, formålet eller føresegnene til fredinga, skal det gjerast greie for det her.]

#### **Opplysning om klagerett og tinglysing**

Fredingsvedtaket til Riksantikvaren kan påklagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Eventuell klage blir å stile til Miljøverndepartementet, men skal sendast til Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er mottatt, jf. forvaltingslova § 29.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Vedlegg: - Fredingsdokumentasjon